



Reguleringsplan for Syltøran – Brattørskogen

PlanId 20180001


Endring av reguleringsplan for Bøvraskogen – Syltøran (PlanID 20060014-014)

Planomtale



Vedtatt lagt ut til offentlig ettersyn

Hovedutvalg for Miljø, areal og teknikk 29.10.2019



Innhold

Bakgrunn	3
Planprosessen.....	3
Oppstart.....	3
Samråd og medverknad	3
Planområdet.....	3
Omtale av planområdet	3
Landskap og grunnforhold	4
Gjeldande planer	5
Omtale av planforslaget	5
Plankart med tegnforklaring	5
Hovedintensjon og hovedgrep	6
Arealformål.....	7
Industri/lager.....	7
Industri/Forretning.....	8
Bolig.....	8
Vegformål	8
Gang- og sykkelveg /fortau	10
Parkering	10
Friområde	11
Naturområde	11
Landbruksareal	11
Hensynssoner	11
Verknader for miljø og samfunn	11
Barn og unge sine interesser	11
Trafikksikkerhet	12
Støy	12
Kulturminne.....	12
Nedlagt avfallsdeponi.....	12
Naturmangfold	13
Landskapshensyn.....	13
Landbruk.....	14
Næringsvurdering.....	14
Samfunnsikkerhet, risiko- og sårbarhet	14
Flaum i Surna, Stormflo	14



Grunnvannstand	15
Forureining i form av lyd, lukt eller støv	15
Forureinga grunn	16
Innspel til planarbeidet	16

Bakgrunn

Bakgrunn for planforslaget er at Surnadal kommunestyre i 2017 vedtok ny kommuneplan der flyplassen ved Syltøran vart teke ut. Planforslaget er utarbeidd av Surnadal kommune, eining for Areal- og naturforvaltning.

Planprosessen

Oppstart

I og med at kommunen sjølv utarbeida reguleringsplana vart det ikkje gjennomført ordinært oppstartsmøte. Kommuneplanen sin arealdel låg til grunn for arbeidet, og det var derfor detaljering av denne som var bestillinga inn i arbeidet.

Samråd og medverknad



Oppstart av planarbeidet var kunngjort 8. mai 2018, og det var bedt om innspel innan 20. juni 2018. Det vart arrangert informasjonsmøte for grunneigarar og bedrifter i området 16. mai 2018. Saka var seinare oppe som orienteringssak/drøftingssak i ungdomsrådet. Det har i tillegg vore samtalar og møter med fleire av bedriftene og øvrige interessentar i området. Surnadal kommune har internt hatt tverrfagleg arbeid om saka innan tema som næringsutvikling, trafikksikring, barn- og unge sine interesser, landbruk og naturmangfold.

Samandrag av innspel ved oppstart er oppsummert bakerst i planomtalen.


Planområdet

Omtale av planområdet

Regulert flyplass strekker seg over ei strekning på 1,5 km med eit areal på om lag 230 dekar areal landareal og 200 dekar sjøareal. Avgrensingen av planområdet i vest er i Surnadalsfjorden, i sør mot fotballbanane på Syltøran og langs sørsida av Idrettsvegen/Trelastvegen. I vest er plangrensa lagt aust for Industrivegen og Sveen Auto, inkludert dyrka jorda aust for Industrivegen. Som ein ser på gamle flyfoto var det tidleg etablert fotballbane på Syltøran i tillegg til Surna Embalasjefabrikk ved den gamle Ørabrua. Industriområda har utvikla seg gjennom åra, og det er i dag stor aktivitet i området. Innanfor planområdet er det i dag 13 etablerte bedrifter.



Figur 1 Flyfoto frå 1963. Planområdet vist med blå strek.



Figur 2 Flyfoto 2018


Landskap og grunnforhold

Planområdet er flatt og opprinnelig strandeng og skogkledd areal. Området sør for avfallsdeponi, nord for Idrettsvegen og Trelastvegen er strandeng og strandsump. Lausmassane i området består av elveavsetningar.



Gjeldande planer

Reguleringsplan for området viser flyplass i området frå Industrivegen i aust til om lag 800 meter ut frå strandlinia utanfor Syltøran stadion i vest.




Figur 3 Reguleringsplan frå 2006 som viser flyplassområdet

Omtale av planforslaget

Plankart med tegnforklaring



Figur 4 Forslag til reguleringsplan



Figur 5 Utsnitt av austre del av planområdet

TEGNFORKLARING PBL § 12 REGULERINGSPLAN	
BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-8, nr 1)	GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5, nr 3)
Boligbebyggelse Forsyning/Industri Industri/Lager	Naturområde Frøområde LNFR OMRADER (PBL § 12-5, nr 6)
SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, nr 2)	LANDBRUKSTOMRÅD (PBL § 12-5, nr 6)
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pavletter) Veg Kjøreveg Fottau Gang-/sykkelveg Annen veggrunn - tekniske anlegg Annen veggrunn - granareal Tekniske bygkonstruksjoner Parkeringsplasser	Landbrukstområd Frihetsområde HENSYNSSONER (PBL § 12-6)
LINJESYMBOLER	PUNKTSYMBOLER
Plangrense Regulert sentrallinje Grense for areaformål Rp/Omride	Avkjøsel


Hovedintensjon og hovedgrep

Gjeldande reguleringsplan gir store begrensninger i arealutnyttinga for næringsområdet, og fører til lite forutsigbarhet for næringsdrivande i området. Alle næringstiltak innanfor gjeldande reguleringsplan må behandles som dispensasjon frå reguleringsplan. I tillegg gir plana restriksjonar på boligfelt og næringsareal aust for flyplassen.

Gjeldande kommuneplan frå 2017 viser at flyplassen er teke ut og erstatta av andre arealformål. Dette var begrunna med at det ikkje lenger var realisme i planene om å få etablert flyplass, i tillegg til at det er behov for å utvikle nye næringsareal.



Kommuneplana viser at store deler av det gamle avfallsdeponiet er vist som grøntområde. Dyrka jord er vist som landbruksformål og boligar er vist som boligformål. Næringsareal er utvida nordover i retning det gamle avfallsdeponiet og Brattørskogen.



Figur 6 Kommuneplanen sin arealdel vedtatt 2017

Arealformål

Planforslaget legg til rette for utvikling av nye næringsareal, grøntareal/friområde, gang- og sykkelveg/fortau, boligareal og landbruksareal. Næringsareal er delt inn i to kategoriar: industri/lager og industri/forretning.

Industri/lager

Nord for Trelastvegen blir næringsareala foreslått utvida med formål Industri og lager I/L. Det er i planforslaget totalt 9 dekar areal omdisponert frå flyplassformål til Industri/lager.


Det blir etablert ein ny adkomstveg til dette området. Målet med den nye adkomstvegen er å redusere trafikkmengda på trelastvegen/Idrettsvegen.





Industri/Forretning

Langs Industrivegen blir det tilrettelagt for industri og forretning. Det nye næringsarealet lengst nord (I/F 1) får tilkomst via ein ny adkomstveg V1. Denne adkomstvegen skal og vere for I/F 2 og I/L. Området mellom I/F 4 og I/L var tidligare regulert til grøntkorridor, men er no foreslått endra til næringsareal.



Bolig

Eksisterande boligar langs industrivegen blir vist til boligformål i plana. Store deler av området langs industrivegen vil få utfordringar med støy, og det er dermed ikkje ønskeleg med nye boligar i området.




Vegformål

Nye adkomstvegar i området V1, V2, V3 og V4 er vist med 6,5 meters bredde. V1 er planlagt for å gi ny adkomst til Eiksenteret og til næringstomter lenger vest. Avkjørselspilar viser kvar det er regulert inn- og utkjøring. Ved å bygge V1 vil næringstomtene innanfor I/L 1 få ein adkomst som ikkje kjem i konflikt med mjuke trafikanter, samt gi noko kortare veg til industrikaia. Det var vurdert å legge inn ein samanhengande veg frå V1 til Trelastvegen, men dette vart teke ut slik at det ikkje blir trafikkauke på Trelastvegen. Det kan vere praktisk for bedrifter å ha ei form for rundkøyring i området, til dømes for Sollid Mek Verkstad. Dette kan gjerast ved å forlenge V2 og V3. Denne rundkøyringa kan og fungere for eksempel Norsk kvalitetsmat.

V2 viser ei betydeleg innstramming samanlikna med dagens situasjon. Utkjøringa i dag er utflytande med ein bredd på over 50 meter mot Industrivegen. Ei oppstramming av vegkrysset vil føre til betre trafikksikring og arealutnytting. Det var ei trafikkulykke i krysset i 2018. Kilde:

www.vegvesen.no/vegkart



Krysset mellom Idrettsvegen og Trelastvegen treng utbedring.

Det er stort og utflytande, og har ikke god geometri. Gjeldande reguleringsplan for området viser at trelastvegen er kobla meir 90 grader på Idrettsvegen. Dette er vidareført i forslag til ny plan. Det er svært uheldig slik krysset er utforma i dag. Dette må endrast slik at vegen til Trollheim og MøreTre blir i tråd med gjeldande reguleringsplan.





Figur 7 Forslag til ny reguleringsplan vidarefører kryssutforminga mot Trollheim og Møretre frå gjeldande plan

Gang- og sykkelveg /fortau

I gjeldande reguleringsplan er det vist gang- og sykkelveg vest for Industrivegen og nord for Trelastvegen/Idrettsvegen. Dette er i hovedsak vidareført i forslag til ny plan. Vest for Industrivegen er det plass til gang- og sykkelveg på kommunal eigedom. Det er ikkje tillatt med fortau der det er 60 km/t fartsgrense. Det er lagt inn 1,5 meters avstand frå Industrivegen 3 meters breidde på gang- og sykkelveg og ein meter sideareal mot vest. Totalt 5,5 meter frå veggkant. Langs Trelastvegen er det vist fortau i staden for gang- og sykkelveg. Dette er gjort for å spare areal. Frå krysset mot Indstrivegen er fortauen lagt på sørsida av Trelastvegen ca 80 meter før gangvegen kryssar og går til nordsida. Det har vært teikna ut fleire alternativ for løysing ved dette krysset, men valgt løysing er gjort med bakgrunn i ei totalvurdering av trafikksikkerheit, økonomi, og eit forsøk å gi bedrifter i området gode rammevilkår.



Parkering

Det er vist forslag til ny parkeringsplass for i overkant av 20 personbilar vest for industrivegen mellom Sollid mek og Trollheimen treningsenter. Parkeringsplassen skal gi ekstra parkeringskapasitet til Trollheimen treningsenter, Sollid mek og Eiksenteret. Parkeringsplassen kan og brukast når det er salgsmesser i området. Det står ein trafo-kiosk på denne plassen, og det vil koste ca 200 000 å flytte den. Parkeringsplassen bør derfor utformast slik at trafo-kiosken ikkje må flyttast.



Parkeringssituasjonen ved syltøran stadion er ikkje endra som følge av reguleringsplana, men idrettslaget bør planlegge parkering i området mellom bane 1 og adkomstveg V5 som i innsendt skisse frå idrettslaget.



Friområde

Området nord og nordaust for Syltøran stadion blir vist som friområde. Dersom det blir bestemt å bygge ny grasbane som omsøkt av SIL, kan det truleg etablerast ein plass for hundeklubben innanfor området av satt til friområde, nord for bane 2, eller nord for der dei held til i dag. Vegen frå Syltøran til Storhølvegen er ein mykje nytta turveg som det er viktig å ta vare på. Tiltak ved Syltøran stadion må ta hensyn til denne turvegen.

Naturområde

Nedlagt avfallsdeponi blir vist som naturområde i plana. Det blir lagt ein hensynssone på dette området med tilhørande planbestemmelser. Kommunen ser det er knytt store utfordringar og kostnader med å rydde opp etter det gamle avfallsdeponiet. Det blir kvart år teke grunnvassprøvar frå fleire plassar i området. Status er at dagens bruk av området ikkje fører til uakseptabel forurensing til omgivelsane.

Landbruksareal



Dyrka jord innanfor planområdet blir tilbakeført til landbruksformål. Dette utgjer ca 45 dekar i tillegg til 15 dekar barskog som og blir vist som landbruksareal. Det er ikkje foreslått nye byggeområde på dyrka eller dyrkbar jord.

Hensynssoner

Frisiktssoner

Det er vist frisiktssoner ved vegkryss mot Industrivegen. Det er knytt bestemmelser til desse områda.

Støysoner

Støysoner er vist langs fylkesvegane Industrivegen og langs Syltørvegen. Innanfor desse sonene er det knytt planbestemmelser.

Verknader for miljø og samfunn

Barn og unge sine interesser

Barn og unge sine interesser i planområdet er stort sett knytt til trafikksikkerhet og korleis mjuke trafikantar kan forflytte seg på ein trygg måte gjennom området. Trygge gang- og sykkelvegar er positivt både som trafikkskringstiltak og for folkehelsa. Gode trasear bidreg til at barn og unge velger å sykle eller gå i staden for å sitte på i bil. Det gir og friheit til den enkelte, slik at ein unngår å vere



avhengig av bilskyss på grunn av at vegen er utrygg å ferdast etter. Planendringa blir vurdert til å vere positiv for barn og unge sine interesser.

Trafikksikkerhet

Planforslaget legg til rette for at mjuke trafikantar blir skilt frå biltrafikk, og fører til ein forbetra situasjon enn i dag der det kun er gang- og sykkelveg fram til krysset mellom Industrivegen og Trelastvegen. Det er stor andel tyngre kjøretøy i området. Det kom innspel frå næringsdrivande i området om å flytte krysset mellom Industrivegen og Trelastvegen nokre meter mot aust, slik at det blir betre avstand frå vegkrysset og industribygget (Rindal rørservice). Ved å flytte krysset ville det blitt betre plass til gang- og sykkelveg nord for Trelastvegen. Kommunen foreslår av økonomiske årsaker ikkje å flytte krysset. Planforslaget vil fortsatt ha ei utfordring med syklistar frå vest. Det er grunn til å tru at desse kan kome til å sykle direkte inn langs Trelastvegen. Oppstramming av vegkrysset ved V2 er forventa å føre til betre trafikksikkerhet. Det var ei ulykke i dette krysset i 2018 mellom motorsykkel og personbil.

Støy

Støy fra industrianlegg vil bli behandla etter forskrift om miljørettet helsevern, som seier at verksemda skal planleggast og drivast på ein slik måte at støy og vibrasjonar ikkje medfører helsemessig blempe eller overskider helsemessig forsvarleg nivå.

Nytt næringsareal i nord (I/F 2) er det som er plassert nærmast eksisterande bolig. Det er om lag 60 meter frå boligen på 68/42 til I/F 2. Det er knytt bestemmelser til området om at det ikkje kan etablerast støyande verksemd innanfor området. Det er innlagt støykart frå Statens vegvesen langs fylkesvegen med tilhørande planbestemmelser. Det er ingen boligar innanfor denne sonen.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminner innanfor området. Fylkeskommunen har varsla at dei ønsker å undersøke austlege deler av området, truleg kan dette dreie seg om skogområdet i I/F 1 og I/F 2.


Nedlagt avfallsdeponi

Det nedlagte avfallsdeponiet vil som følge av planforslaget bli liggende som i dagens bruk. Avfallsdeponiet består av hushaldnings- og næringsavfall av ukjent art. Området er tildekt av jordmassar i varierande tykkelse. Det er ikkje ønskeleg å tilrettelegge for aktivitet i dette området som no er bevokst med lauvskog. Avrenningsmålingane viser at dagens bruk av området ikkje fører til uakseptabel avrenning med forurensing til omgivelsane. Det er ikkje overvåkning av eventuelle giftige gassar frå avfallsdeponiet i området.



Naturmangfald

Vest i planområdet er om lag 200 dekar sjø og strandareal ført tilbake til dagens bruk. Dette blir vurdert til å vere positivt for naturmangfaldet i området. Dette området ligg inn mot Purka naturreservat (verna 27.05.1988) som er naturtypen brakkvassdelta. *Purka er det nedre av 4 våtmarksreservat i Surna (til saman på 950 daa). Gruntområde med svært artsrik strandengvegetasjon. Trådtjønnaks, småtjønnaks og fjellflokk er sjeldne artar. Totalt i våtmarksområdet er det registrert 17 andefuglartar, 16 vadefuglartar og 8 måsefuglar. Omlag halvparten hekkande. Dei mest talrike er stokkand (500), ørfugl (200), tjeld (300), vipe (300) og gluttsnipe (50). Hekkefunn av stjertand, temminksnipe, brushane, gulerle, sivsongar og blåstrupe. Dyrelivsfredning i tilgrensande område (1566-453-6). Store inngrep har redusert særleg dei botaniske verneverdiane vesentleg.*



Ein flyplass nord for naturreservatet kunne ført til negative konsekvensar for naturmangfaldet i området. Fjerning av flyplassen vil gi eit større samanhengande naturområde i strandsona, kanskje også opne for ei utviding av naturreservatet. Det er eit spesielt rikt fugleliv i strandsonen mellom Surna og Storhølvegen.

Strandsump og strandeng

som er nord for Trelastvegen er under sterkt press. Naturtypen er vurdert til å vere lokalt viktig, og var i 2007 i god hevd. I dag er deler av området oppfylt og planert til næringsareal i tråd med gjeldande reguleringsplan. Det er i dag om lag berre 10 dekar av naturtypefiguren som ikkje allereie er bebygd og teke i bruk som næringsareal. Strandenga er inneklemt mellom industritorpene i vest, sør og aust, og det nedlagte avfallsdeponiet i nord. Sjølv om naturtypen her berre har lokal verdi må det kunne seiast at dette vil være eit eksempel på nedbygging av areal som faktisk har verdi for artsmangfaldet av dyr og planter.

Landskapshensyn

Ved å ta ut flyplassen frå reguleringsplana vil store deler av planområdet bli regulert til dagens bruk. Landskapsendringane som følgje av ein flyplass ville vært store, både på land og i overgangen mellom land og sjø, i dei langgrunne områda nord for Purka naturreservat. Nye næringsareal og kjørevegar er plassert i eit pr i dag ubebygd område sør for det nedlagte avfallsdeponiet. Nord for Eik-senteret er det vist utviding av næringsareal (I/F 1), i eit område som er bevokst av barskog. Dette utgjer 8 dekar av Brattørskogen, som fram til no har vore regulert til flyplassområde. Brattørskogen er ca 73 dekar. Ei redusering av skogsområdet vil føre til ei landskapsmessig endring ved at deler av skogen blir omregulert og på sikt bebygd.



Landbruk



Reguleringsplana fører til at alt areal som i dag er dyrka mark blir vist til landbruksformål. Dette vil gi ei forutsigbarheit for landbruksnæringa i området. Kommunen tek til etterretning meklinga som var i samband med kommuneplanarbeidet, og vil ikkje foreslå omdiponering av dyrka mark til næringsverksemد.

Næringsvurdering



Det er behov for meir næringsareal i nedre Surnadal. Planforslaget tilrettelegg for 22 dekar nytt næringsareal som tidlegare var regulert til flyplass (Rosa omriss).

Totalt i Røtet er det om lag 44 dekar industriareal som er delvis oppfylt (blått omriss), og 200 dekar som er regulert til næring, men ikkje klargjort (raudt omriss).

Det meste av framtidig industriareal ligg mellom Storhølvegen og industrikaia og avheng av ei stor utfylling av steinmassar.

Samfunnsikkerhet, risiko- og sårbarhet

ROS-analysen omhandlar områda der det er forslag om endra arealbruk frå dagens bruk. Som utgangspunkt for analysen er sjekklista frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal brukt som utgangspunkt. Sjekklista følger som vedlegg til saksdokumenta.

Flaum i Surna, Stormflo

Kloakkrenseanlegget som ligg innanfor område vist som *Kommunalteknisk anlegg* kan vere utsett for stormflo. Anlegget ligg innom ein molo og er av den grunn skjerma for dei verste bølgene. Det er likevel lagt eit tillegg på 0,5 meter som lokal bølgepåverknad i tillegg til kravet som er sett i bestemmelsane til kommuneplanen sin arealdel.




Krav til høgdeplassering overkant golv innanfor reguleringsformål *Kommunalteknisk anlegg*:

Sikkerhetsklasse 1: $2,4m+0,5m = 2,9$ moh.

Sikkerhetsklasse 2: $2,6m + 0,5m= 3,1$ moh.

Grunnvannstand



Bilde 1 NVE Atlas

Flomkartet for Surna viser at deler av regulert areal er flomutsatt. Flomkartet er fra 2007 og tek ikkje omsyn til kvar det er oppfylt og utbygd areal i dag. Deler av areal vist som nytt byggeområde næringsareal I/F 1 er vist med skravur *lavpunkt*. Dette er areal ved Industrivegen som står under vatn ved store nedbørsmengder. Dersom dette arealet blir regulert til industri/forretning må det fyllast opp. Øvrig areal som er vist som flomutsatt er ikkje tilrettelagt for ny aktivitet.

Forureining i form av lyd, lukt eller støy

Det kan forekome støy, støv og lukt frå industriområde, men drift skal vere innanfor rammene i gjeldande lovverk. Det er bestemmelse til I/F 1 som sikrar at det ikkje blir etablert verksemd som er til sjenanse for eksisterande boligar nord for industriområdet.



Forureinga grunn

Det er ein tidlegare avfallsdeponi innanfor planområdet. Dette arealet skal ligge urørt og er regulert til naturområde. Av den grunn er det ikkje knytt ytterlegare bestemmelar til området.

Innspel til planarbeidet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 20.06.2018

Fylkesmannen føreset at reguleringa blir gjort i samsvar med overordna plan. Det må gjerast ein risiko- og sårbarheitsanaluse for planområdet. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som hensynssone, jf. Pbl § 12-6. Støytilhøva i området må avklarast og eventuell støyreduserande tiltak må innarbeidast i planbestemmelsane. Fylkesmannen føreset at barn og unge sine interesser blir teke vare på og at det blir sikra eigna areal til leik dersom det blir planlagt nye boligar i området.

Vurdering: Innspela frå Fylkesmannen blir teke inn i planarbeidet. Støykart frå Statens vegvesen langs Industrivegen blir lagt inn. Det blir knytt bestemmelser til støysonene. Det er ikkje plassert nye utbyggingsformål i støysonene. Det kan ikkje etablerast støyande industri i områda nærmast boligane langs Industrivegen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 12.06.2018

Dei austlege områda i reguleringsplana har potensiale for funn av ukjente automatiske freda kulturminne. Vil vurdere å stille krav om arkeologisk registrering i område med ny bruk. Dersom det blir planlagt område for boligar vil dei ha fokus på korleis det vert lagt til rette for barn og unge, med omsyn på uteareal og leik.

Vurdering: Tek til etterretning at det kan bli krav om arkeologiske undersøkingar i området i løpet av høyringsperioden. Det er ikkje planlagt nye boligar, barn og unge sine interesser i plana er i stor grad knytt til gang- og sykkelvegar.

NVE, datert 19.06.2018

Deler av området er utsatt for flaum, og forutsett at dei beregna høgdekotene blir teke hensyn til i det vidare planarbeidet. Pga forventa klimaendringar anbefaler dei at det minimum blir lagt på eit klimapåslag på 20% jamfør klimaprofil for Møre og Romsdal. Området består av elveavsetningar som kan dekke over eldre, marine avsetningar. Desse avsetningane kan innehalde kvikkleire. Grunnforholda må avklarast før tiltak blir realisert. Dette kan avklarast i ROS-analysen, eventuelt at det blir teke inn i reguleringsbestemmelsene. Det må blir teke hensyn til auka havnivå og stormflo, og fastsatt minimum kotehøgde i reguleringsbestemmelser.

Vurdering: Flaumkart og grunnforholda blir lagt til grunn for plana.

Gry Mikkelsen Tellesbø, datert 19.06.2018

Meiner den beste løysinga for gang- og sykkelveg til Syltøran er etter areal som i dag er regulert til flyplass (nord for næringseigedomane langs Trelastvegen og Idrettsvegen). Ein unngår at mjuke trafikantar må krysse innkjøringa der tungtrafikk ferdes i og med at det er tungtrafikk på begge sider av Trelastvegen. Det er utfordringar med stor trafikk til og frå Syltøran, når bilistar må dele vegen med tyngre kjøretøy. Må vurdere fysisk hinder som gjer at vegen ikkje blir bruka som snarveg. Foreldre og trenrarar har eit ansvar for å rettleie barna om hvilken veg som skal brukast.



Vurdering: Traseen for gang- og sykkelveg lenger nord er vurdert, men er i denne fasen valgt bort på grunn av at det blir en god del lengre å sykle/gå, spesielt fram til kunstgrasbanen der dei yngre barna har dei fleste treningane. Alternativet forutset også store endringar for utnyttinga på Syltøran med opparbeiding av nye vegar og parkeringsareal.

Roar Halle, datert 31.05.2018

Foreslår å tilrettelegge for ein beredskapsstad for helikopter innanfor planområdet. Ber kommunen vurdere om det kan tilretteleggast for sjøfly innanfor planområdet.

Vurdering: Beredskapsstad for helikopter er i dag bussplassen nedanfor Øye skule. Det er ikkje kjent om det er behov for å endre på dette. Tilrettelegging for sjøfly er ikkje vurdert i denne plansaken.

Anton skei (grunneigar på 68/21) , datert 12.06.2018

Ber om at det på gnr/bnr 68/21 blir regulert til landbruk. Dersom det er planlagt gangveg langs Industrivegen ønsker han at utvidelsen skjer på østsida ved hans eiendom.



Vurdering: 68/21 blir vist som landbruksområde. Gang- og sykkelveg er lag på vestsida av Industrivegen slik den er i gjeldande reguleringsplan også lenger nord.

Uttale frå Talgø MøreTre AS og Talgø Invest AS datert 14.06.2018

All ut-/inntransport av varer til bedriftene MøreTre, Byggmakker og Hageland skal nytte Trelastvegen. Det er auka trafikk til desse bedriftene. Ser heilt klart behov for å anlegge gang- og sykkelveg frå Industrivegen ned til Syltøran stadion. Ber om at planlagt gang- og sykkelveg må ligge på nordsida av Trelastvegen langs deira eigedom. Viser til gjeldande reguleringsplan der den er inntegna på nordsida. Nyleg opparbeida tomteareal ligg heilt inn til sørsida av Trelastvegen. Det er den mest trafikksikre løsninga ut i frå kryssingar og trafikkbelaustning.

Vurdering: Gang- og sykkelvegen er lagt nord for Idrettsvegen og Trelastvegen, men kryssar til sørsida mot Industrivegen. Dette er presentert for Talgø i møte.

Innspel frå Surnadal IL, datert 19.06.2018



om areal til ny bane må flyttast lenger aust for å få plass til parkering.

Viser til at det er stor aktivitet på Syltøran stadion med om lag 350 fotballspelarar. Aktiviteten foregår på kveld frå 1700-2100 i vekedagene, og på dag- og kveldstid på helg. Aktiviteten er størst på sommarhalvåret, men når snøforholda legg til rette for det er kunstgrasbanen open også på vinteren.

Idrettslaget ønsker å sikre seg areal for en ny fotballbane. Dette blir begrunna med at det i dag er eit større behov for banar enn anlegga man rår over. SIL foreslår å plassere ein bane aust for bane 1, og 2 som vist i kartet (raud skravur).

SIL krev at det blir anlagt ein gang- og sykkelveg frå fylkesvegen og ned mot stadion. Det bør settast av areal til trafikk- og parkeringsareal aust for bane 1 (vist med blå skravur i skissa). Det må og vurderst

Vurdering: Det er vist friområde i tråd med innspelet frå Surnadal IL. Området i nord er i dag nytt av Surnadal og Rindal hundeklubb. Dersom det blir fotballbane i området bør kommunen sjå etter alternativ plassering for hundeklubben.

Innspel frå Surnadal og Rindal hundeklubb




Hundeklubben er gjort kjent med at Surnadal IL har lagt fram forslag om å overta eit område som hundeklubben disponerer på Syltøran. Hundeklubben ønsker å behalde området på Syltøran slik det er i dag. Området er inngjerda med viltgjerde og grind, og blir bruka fleire gonger i veka av klubben sine medlemmar. Det blir halde kurs og diverse arrangement, og klubben har ønske om å fortsette med dette og få ein skriftleg avtale om bruk av området.

Vurdering: Området er avsatt til friområde i tråd med innspelet. Dersom det blir aktuelt å etablere ein ekstra fotballbane bør kommunen ta initiativ til å finne ei løysing både for idrettslaget og for hundeklubben.

Innspel frå Trollheim AS, datert 20.06.2018

Trollheim ønsker ikkje å avstå areal til gang- og sykkelveg rundt deira eigedom. Foreslår at det blir bygd gang- og sykkelveg i samband med ein ny veg inn i industriområdet nord for Eik-senteret.

Vurdering: Planforslaget viser ingen tiltak på eigedomen til Trollheim AS.



Innspel frå Rindal rørservice, Norsk Kvalitetsmat, Sollid mek, Surnadal Næringseiendom, Trollheimen treningscenter



Viser til at bedriftene har få mogleheter til ekspansjon og utviding av bygg og areal.

Dei mottek oftast råvarer på 15.18 m vogntog som har store problem med å kome inn og ut til anlegget for lasting.

Har for lite areal til parkering for ansatte- og kundeparkering.

Ber om at gangveg blir lagt på austsida av Industrivegen. Dette vil føre til betre forhold for mjuke trafikantar og mindre kryssingar av bilveg enn ved plassering på vestsida av Industrivegen. Plasseringa vil

ikkje vere begrensande for utviklinga for bedriftene langs Industrivegen.

Gangvegen må leggast på sørsida av Trelastvegen, og det blir lagt inn 2 fotgjengarovergangar med fartshumper. Innkjøring til MøreTre og Trollheim legges meir 90 grader på.

Arealet av dyrkamark som gangvegen eventuelt kommer til å ta ved plassering øst for Industrivegen, er veldig begrenset og arealet som eventuelt vil medgå er for det meste er udyrket mark eller sump. Sett i forhold til hvordan annen omdisponering av dyrkamarka i området, så vil vårt forslag i dette tilfelle være bare å betrakte som en uvesentlig bagatell.

Utkjøringa ved Sollid mek verksted, Eik og Trollheimen treningscenter fører til farlege situasjoner. Foreslår å sette kantstein på deler av strekninga for å gjere utkjøringa, vegbane og parkering meir markert, i tillegg til at det ikkje er til hinder for brøyting vinterstid.

Vurdering: Området mellom næringsbygga og Industriområdet er utfordrande med tanke på trafikksikkerhet og bedriftene sin mulighet til å videreutvikle sin eigedom. Forslaget om gang- og sykkelveg aust for Industrivegen vil løyse enkelte utfordringar, men vil føre til omdisponering av 1 dekar dyrka jord. Det er ønskeleg at gang- og sykkelvegen skal gå på samme side av Industrivegen over ei lengre strekning, noko som vil føre til omdisponering av meir landbruksareal lenger nord dersom den blir lagt på austsida. Gang- og sykkelvegen er i gjeldande reguleringsplan vist på vestsida av Industrivegen nord for planområdet, og heilt fram til krysset med Hamnesvegen.

Opphøyde gangfelt eller kvitstripa fotgjengerovergangar er ikkje tillatt i 60-sone. Etablering av ny veg (V1) i nord vil føre til at Eik-senteret får ny innkjøring. Dette gjer at det blir frigjort areal som kommunen eig. Dette arealet er foreslått vist til parkeringsareal med i overkant av 20 parkeringsplassar som kan nyttast både for Trollheimen treningscenter, Sollid mek og Eik-senteret. Det står ein trafokiosk innanfor dette området, og det er knytt store kostnader til eventuell flytting av denne. Parkeringsplassen bør utformast slik at trafo-kiosken ikkje må flyttast.



Gangvegen langs Trelastvegen er foreslått lagt på sørsida i ei strekning på om lag 90 meter før det blir kryssing og gangvegen blir lagt på nordsida fram til Syltøran stadion. Gjeldande reguleringsplan frå 2006 viser at gangvegen ligg på sørsida. Talgø Møretre har etablert si verksemd i tråd med det, men har i møte signalisert at dei er positive til at fortauet blir lagt på sørsida i ei strekning frå Industrivegen.